



Helse- og omsorgsdepartementet
Sendt per e-post til jeanette.fjeldheim@hod.dep.no

Deres referanse: 22/5025
Vår referanse: 2023/77
Dato: 03.04.2023
Publikasjonsnr.: NIM-H-2023-015

Høringsfråsegn frå NIM - endringar i helse- og omsorgstjenesteloven og pasient- og brukerrrettighetsloven (Om langtidsopphald for personar under 50 år i sjukeheim mv.)

1. Innleiing

Me viser til høyringsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet der endringar i helse- og omsorgstjenesteloven og pasient- og brukerrrettighetsloven (om langtidsopphald for personar under 50 år i sjukeheim mv.) vert sendt på høyring.

Noregs institusjon for menneskerettar (NIM) har som hovudoppgåve å fremje og verne menneskerettane i tråd med Grunnlova, menneskerettslova og lovgjevinga elles, samt internasjonale traktatar og folkeretten elles. Som eit ledd i dette har NIM som oppgåve å gi råd til Stortinget, regjeringa og andre myndigheitsorgan i spørsmål om menneskerettar. NIM uttaler seg i utgangspunktet ikkje i noko særleg grad om hensiktsmessigheita eller prioriteringa av verkemiddel for å ivareta dei menneskerettslege pliktene staten har.

2. Kort om høyringa

Lovforslaget inneberer å lovfeste at ein kommune ikkje kan busetje personar under femti år i sjukeheim eller tilsvarande bustad som er særleg tilrettelagt for heildøgns tenester rekna for eldre. Forslaget medfører ikkje eit absolutt forbod mot å busetje yngre personar i sjukeheim mv., men dersom ein skal gjere det må personen, eller eventuelt ein pårørande, samtykke til busetjinga.

Lovforslaget inneheld to unntak. Desse er at kommunane har åtgang til å busetje personar under 50 år på sjukeheimar eller tilsvarande i inntil 60 dagar per kalender-år for å etablere eit forsvarleg tilbod, eller for å reorganisere eit tilbod som allereie eksisterer. Det andre unntaket er der det ligg føre «særlege grunner.»

NIM vil i dette høyringsinnspelet gi nokre kommentarar til enkelte menneskerettslege sider ved forslaget, og særleg FNs konvensjon om rettane til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD). Me vil understreke at høyringsinnspelet vårt ikkje er uttømmmande når det gjeld menneskerettslege sider ved forslaget.

3. CRPD artikkel 19 og retten til å leve eit sjølvstendig liv og ta del i samfunnet

NIM ynskjer i utgangspunktet forslaget velkomen, og støtter føremålet med forslaget om å hindre at personar vert flytta til sjukeheimar og tilsvarande bustadar mot viljen deira. Etter NIM sitt syn vil forslaget kunne bidra til vidare oppfyljing av retten til å leve eit sjølvstendig liv og til å vere ein del av samfunnet i CRPD artikkel 19, for personar under 50 år med funksjonsnedsetjingar. Me saknar likevel nokre nærare menneskerettslege vurderingar.

Det følgjer av CRPD artikkel 19 at personar med funksjonsnedsetjingar har same rett til å leve i samfunnet, med dei same valmoglegheitene, som alle andre. Dette er ein av dei mest grunnleggjande rettane i CRPD.

NIM kan ikkje sjå at departementet viser til artikkel 19 i høyringsnotatet. I punkt. 3.4.3 i notatet viser departementet til CRPD, og skriv at ei av målsetjingane med konvensjonen er at personar med funksjonsnedsetjingar skal få eit sjølvstendig liv og å kunne delta fullt ut på alle område i livet, og til konvensjonens føremål slik det er formulert i CRPD artikkel 1.

Me vil derfor presisere at retten til å leve eit sjølvstendig liv og å kunne delta fullt ut i samfunnet ikkje berre er ei målsetjing med konvensjonen, men ein sjølvstendig rett som følgjer av artikkel 19 konvensjonen. Vidare er styresmaktene forplikta treffe effektive og hensiktsmessige tiltak for å leggje til rette for at personar med funksjonsnedsetjingar skal kunne gjere full bruk av denne retten, og verte fullt ut inkludert og delta i samfunnet. Som eit ledd i dette skal styresmaktene sikre at personar med funksjonsnedsetjingar har høve til å velje bustad, og kvar og kven dei skal bu hjå, og å ikkje måtte bu i ei bestemt buform på grunn av funksjonsnedsetjinga jf. bokstav a i føresegna.

4. Menneskerettslege vurderingar i forslaget, inkludert av den føreslegne øvre aldersgrensa på 50 år

Forslaget inneberer ei øvre aldersgrense på 50 år. NIM saknar her ei nærare menneskerettsleg grunngeving for og vurdering av aldersgrensa.

Departementet skriv i notatet at dei har vurdert ei høgare øvre aldersgrense, til dømes 55 eller 60 år. Departementet viser til at dei ikkje har oversikt over talet på personar mellom 50 og 60 år som er busette på sjukeheim i dag. Samstundes skriv departementet at dersom lovendringsforslaget også skal gjelde for denne aldersgruppa, vil talet på omfatta personar verte vesentleg større. Ifølgje departementet er dette til dels fordi ein større del av denne gruppe truleg vil ha behov for institusjonsplass enn dei under 50 år.

Departementet grunnjev vidare at dei set aldersgrensa til 50 år grunna at forslaget inneberer ei innskrenking av den kommunale fridomen til å organisere helse- og

omsorgstenestetilbodet, og at det vil kunne verte utfordrande for kommunane å overhalde lovforslaget med ei høgare øvre aldersgrense enn 50 år. Departementet skriv at eit forslag som også omfattar denne gruppa vil setje kommunane i ein uhøveleg krevjande situasjon, og at det særleg for små kommunar vil verte utfordrande å ivareta kravet til forsvarlege tenester.

NIM saknar ei nærare drøfting av dei menneskerettslege sidene og følgjene av lovforslaget, inkludert av den føreslegne øvre aldersgrensa på 50 år, opp mot CRPD artikkel 19 når det er tale om personar over 50 år. Som nemnt ovanfor er ikkje denne føresegna nemnd eller drøfta i høyringsnotatet.

Vidare saknar NIM ei nærare utgreiing av innhaldet i det føreslegne unntaksvilkåret «særlege grunner,» samt ei menneskerettsleg vurdering av vilkåret.

Vennlig hilsen
for Norges institusjon for menneskerettigheter

Gro Nystuen
Assisterande direktør

Mina Haugen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har dermed ingen signatur.